



OSTERØY
KOMMUNE

MØTEBOK
Formannskapet



Møtedato: 26.03.2025
Møtetid: 13:00 - -17:00
Møtestad: Lonevåg, rådhuset, Heradssyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Alexander Thunestvedt	Varaordfører	AP
Turid Bjørndal Njåstad	Medlem	SP
Ann Kristin Borge	Medlem	AP
Sebastian Andre Haugland	Medlem	H
Ragnar J Tyssebotn	Medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Kim Andre Hartveit	MEDL	FRP
Lars Fjeldstad	ORD	SP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Ruben Nielsen		FRP
Bjarte Hammer Aarland		KRF

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Aleksander Bergli

Ekstra informasjon til møte:

Møtebok er publisert på kommunen si nettside og vert godkjent i neste møte.

Sakliste

Saksnr	Tittel	Unntak frå innsyn
PS 9/25	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 10/25	Godkjenning av møtebok 12.02.2025	
PS 11/25	Referatsaker og meldinger	
RS 6/25	Signert: Protokoll	
RS 7/25	Orientering om utbygging av Bruvik sentrum del aust	
PS 12/25	Barnehagestruktur 2025	
PS 13/25	Planprogram for kommunedelplan helse, omsorg og sosial	
PS 14/25	Tilleggsøyving oppføring av forsterka bustadar Reigstad - oppfølging vedtak i sak 8/2025	
PS 15/25	Folkevald medverknad i budsjettprosessen	
PS 16/25	Reglement for spørsmål frå folkevalde	
PS 17/25	Andre saker/spørsmål	
RS 8/25	Orienteringssak unnteke innsyn	Møtedokumenter unntatt offentlighet

Alexander Thunestvedt Varaordfører

PS 9/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming i Formannskapet - 26.03.2025 av sak 9/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste:

Sak RS 7/25 vert trekt frå sakslista

Sak RS 8/25 vert handsama først i møtet

Votering:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend

Vedtak i Formannskapet - 26.03.2025 av sak 9/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vart godkjend

PS 10/25 Godkjenning av møtebok 12.02.2025

Handsaming i Formannskapet - 26.03.2025 av sak 10/2025 Godkjenning av møtebok 12.02.2025:

Det var ingen merknader til møteboka.

Votering:

Møtebok vart samrøystes godkjend

Vedtak i Formannskapet - 26.03.2025 av sak 10/2025 Godkjenning av møtebok 12.02.2025:

Møtebok vart godkjend

PS 11/25 Referatsaker og meldinger

Handsaming i Formannskapet - 26.03.2025 av sak 11/2025 Referatsaker og meldinger:

Det var ikkje merknader til referatssakene.

Vedtak i Formannskapet - 26.03.2025 av sak 11/2025 Referatsaker og meldinger:

Referatsakene vart tekne til vitande.

PS 12/25 Barnehagestruktur 2025

Handsaming i Formannskapet - 26.03.2025 av sak 12/2025 Barnehagestruktur 2025:

Innstilling frå Levekårsutvalet:

Osterøy kommune gjer ingen endringar i barnehagestrukturen på noverande tidspunkt. Administrasjonen startar opp arbeidet med ny barnehagebruksplan om 3 år og gjer då nye vurderingar av behov/struktur. Eksisterande Barnehagebruksplan gjeld til 2030, og Heradstyret handsamar ny Barnehagebruksplan som trer i kraft frå 2030.

Votering:

Innstilling frå Levekårsutvalet vart samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskapet - 26.03.2025 av sak 12/2025 Barnehagestruktur 2025:

Osterøy kommune gjer ingen endringar i barnehagestrukturen på noverande tidspunkt. Administrasjonen startar opp arbeidet med ny barnehagebruksplan om 3 år og gjer då nye vurderingar av behov/struktur. Eksisterande Barnehagebruksplan gjeld til 2030, og Heradstyret handsamar ny Barnehagebruksplan som trer i kraft frå 2030.

PS 13/25 Planprogram for kommunedelplan helse, omsorg og sosial

Handsaming i Formannskapet - 26.03.2025 av sak 13/2025 Planprogram for kommunedelplan helse, omsorg og sosial:

Innstilling frå Levekårsutvalet:

Planprogram for kommunedelplan helse, omsorg og sosial vert sendt på offentleg høyring og lagt ut på kommunen si heimeside slik det ligg føre, jfr PBL 4-1

Det vert samstundes varsla om planoppstart.

Tilleggsframlegg til vedtak frå Alexander Thunestvedt (Ap):

KPD Helse, omsorg og sosial vert utvida til å romme mindre planar som for eksempel: temaplan for demens, temaplan for habilitering og rehabilitering, legeplan og temaplan smittervern-pandemiplan. Administrasjonen får fullmakt til å arbeide endringane inn i planprogrammet dersom det let seg gjere.

Dersom planen av forskjellige grunnar ikkje kan inkorporerast i KDP helse, omsorg og sosial eller det er andre planar som kan inkorporerast skal det gjerast greie for i saksframlegget til heradsstyret når planprogrammet vert behandla der.

Votering:

Røyster for tilleggsframlegget til Alexander Thunestvedt (Ap):

Alexander Thunestvedt (Ap), Ragnar Tyssebotn, Ruben Nielsen (Frp), Turid Bjørndal Njåstad (Sp), Sebastian Andre Haugland (H)

Røyster mot: Ann Kristin Borge (Ap), Bjarte Aarland (Krf)

Innstilling frå Levekårsutvalet vart samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskapet - 26.03.2025 av sak 13/2025 Planprogram for kommunedelplan helse, omsorg og sosial:

Planprogram for kommunedelplan helse, omsorg og sosial vert sendt på offentleg høyring og lagt ut på kommunen si heimeside slik det ligg føre, jfr PBL 4-1

Det vert samstundes varsla om planoppstart.

KPD Helse, omsorg og sosial vert utvida til å romme mindre planar som for eksempel: temaplan for demens, temaplan for habilitering og rehabilitering, legeplan og temaplan smittervern-pandemiplan. Administrasjonen får fullmakt til å arbeide endringane inn i planprogrammet dersom det let seg gjere.

Dersom planen av forskjellige grunnar ikkje kan inkorporerast i KDP helse, omsorg og sosial eller det er andre planar som kan inkorporerast skal det gjerast greie for i saksframlegget til heradsstyret når planprogrammet vert behandla der.

PS 14/25 Tilleggsøyving oppføring av forsterka bustadar Reigstad - oppfølging vedtak i sak 8/2025

Handsaming i Formannskapet - 26.03.2025 av sak 14/2025 Tilleggsøyving oppføring av forsterka bustadar Reigstad - oppfølging vedtak i sak 8/2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1.Tomten vert ikkje utvida. Muren vert ståande der den står i dag.

2.Leikeplass vert flytta til området ved ballbingen i sentrum av Valestrand. Det blir søkt dispensasjon frå reguleringsplanen for å etablera tiltaket. Budsjettposten på kr 100.000, - vert overflytta til dette tiltaket. Det vert også gitt ei tilleggsøyving på kr. 300.000,- for å kunna realisera leikeplass på denne tomten.

1. Framlegg til vedtak frå Alexander Thunestevdt (Ap)

Tomten vert ikkje utvida. Muren vert ståande der den står i dag.

2. Framlegg til vedtak frå Alexander Thunestevdt (Ap):

Saka om leikeplassen vert sendt med fylgjande innstilling til heradsstyret.

Leikeplass vert flytta til området ved ballbingen i sentrum av Valestrand. Det blir søkt dispensasjon frå reguleringsplanen for å etablera tiltaket. Budsjettposten på kr 100.000, - vert overflytta til dette tiltaket. Det vert også gitt ei tilleggsøyving på kr. 300.000,- for å kunna realisera leikeplass på denne tomten.

Votering:

Framlegg til vedtak 1 og 2 frå Alexander Thunestevdt (Ap) vart samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskapet - 26.03.2025 av sak 14/2025 Tilleggsøyving oppføring av forsterka bustadar Reigstad - oppfølging vedtak i sak 8/2025:

Tomten vert ikkje utvida. Muren vert ståande der den står i dag.

Saka om leikeplassen vert sendt med fylgjande innstilling til heradsstyret.

Leikeplass vert flytta til området ved ballbingen i sentrum av Valestrand. Det blir søkt dispensasjon frå reguleringsplanen for å etablera tiltaket. Budsjettposten på kr 100.000, -

vert overflytta til dette tiltaket. Det vert også gitt ei tilleggsløyving på kr. 300.000,- for å kunna realisera leikeplass på denne tomten.

PS 15/25 Folkevald medverknad i budsjettprosessen

Handsaming i Formannskapet - 26.03.2025 av sak 15/2025 Folkevald medverknad i budsjettprosessen:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Osterøy kommune tek i bruk tilrådingane for betre folkevald styring og kontroll med budsjett og økonomiprosessane i FoU rapport 887 «Kunnskap gir trygghet, trygghet gir tillit og tillit gir resultater» så langt det høver.

Det vert laga eit årshjul for budsjett og økonomisaker. Årshjulet skal tilpassast den politiske møtekalenderen. For 2025 skal det arrangerast ein dialog/rammekonferanse i mai/juni etter at kommuneproposisjonen og revidert statsbudsjett er lagt fram.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskapet - 26.03.2025 av sak 15/2025 Folkevald medverknad i budsjettprosessen:

Osterøy kommune tek i bruk tilrådingane for betre folkevald styring og kontroll med budsjett og økonomiprosessane i FoU rapport 887 «Kunnskap gir trygghet, trygghet gir tillit og tillit gir resultater» så langt det høver.

Det vert laga eit årshjul for budsjett og økonomisaker. Årshjulet skal tilpassast den politiske møtekalenderen. For 2025 skal det arrangerast ein dialog/rammekonferanse i mai/juni etter at kommuneproposisjonen og revidert statsbudsjett er lagt fram.

PS 16/25 Reglement for spørsmål frå folkevalde

Handsaming i Formannskapet - 26.03.2025 av sak 16/2025 Reglement for spørsmål frå folkevalde:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Reglement for spørsmål frå folkevalde vert vedteke slik det ligg føre.

Endringsforslag frå Alexander Thunestvedt (Ap)

Saka vert sendt heradsstyret med følgjande endringar.

Ei klargjering av kva som er kurant og ukurant paragraf 2.1 oppfølgingsspørsmål.

Setninga «Om eit spørsmål er vurdert til å vera ukurant, vil spørsmålet leggst ved saka utan svar.» Vert erstatta med setninga «Om eit spørsmål er vurdert til å vera ukurant, vil spørsmålet leggst ved saka med eit kort mellombels svar.» I paragraf 2.1.

Framlegg til vedtak frå Ruben Nielsen (Frp):

Framlegg til endring i reglement vert avvist. Gjeldande reglement vert vidareført utan endring.

Grunngjeving:

det er eit grunnleggande prinsipp at ein politiskar skal kunne stille spørsmål i eit ope møte og få svar i opne møte. Dette er mellom anna regulert gjennom kommunelova §11-2 fjerde ledd som seier at: Alle medlemmer kan stille spørsmål til lederen, også om saker som ikke står på sakslisten.

Me ynskjer å halde eit ope, transparent og demokratisk godt arbeidsmiljø for politiskarane og at innbyggjarane skal kunne ha god oversikt på kva som rører seg.

Ein politiskar og administrasjonen vil ofte ha ei heilt ulik tilnærming til ei sak utfrå dei ulike rollene me har.

Administrasjonen si vurdering i ei sak er ofte svært ulik ei politisk vurdering. Me skal halde oss til program og veljarar, administrasjonen skal halde seg til økonomi og i lovverk. dermed kan det være ei heilt ulik vurdering av kva som er kurant og ikkje .

Det er dermed sannsynlig at viktige spørsmål som då vert sila ut fordi dei vert vurdert som unyttige. Me meiner det er ein farleg veg å gå. Den politiske sakshandsaminga og medverknaden vil verte endå meir innskrenka enn den er meint å være etter lova.

Basert på departementet si tolkingsuttale vedrørende temaet, ser me at utkastet vil være i konflikt med lova og lova sin intensjon og verke innskrenkande på politiskarane sitt arbeidsrom. Me finn det best å ha det reglementet som me har.

Votering:

Framlegget til vedtak frå Ruben Nielsen (Frp) fekk 2 røyster (2Frp)for og 5 røyster mot (SP, 2Ap, Krf, H)

Endringsforslag frå Alexander Thunestvedt (Ap) vart vedteke med 5 røyster for (Sp, 2Ap, Krf, H) og 2 røyster mot (2Frp)

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 5 røyster for (Sp, 2Ap, Krf, H) og 2 røyster mot (2Frp)

Vedtak i Formannskapet - 26.03.2025 av sak 16/2025 Reglement for spørsmål frå folkevalde:

Reglement for spørsmål frå folkevalde vert vedteke slik det ligg føre.

Saka vert sendt heradsstyret med følgjande endringar.

Ei klargjering av kva som er kurant og ukurant paragraf 2.1 oppfølgingsspørsmål.

Setninga «Om eit spørsmål er vurdert til å vera ukurant, vil spørsmålet leggst ved saka utan svar.» Vert erstatta med setninga «Om eit spørsmål er vurdert til å vera ukurant, vil spørsmålet leggst ved saka med eit kort mellombels svar.» I paragraf 2.1.

PS 17/25 Andre saker/spørsmål

Handsaming i Formannskapet - 26.03.2025 av sak 17/2025 Andre saker/spørsmål:

Vedtak i Formannskapet - 26.03.2025 av sak 17/2025 Andre saker/spørsmål:

RS 8/25 Orienteringssak unnteke innsyn